



Storsamling: Kring 120 etterkomarar etter Lina Viken Oma (1876–1954) og Torgeir Oma (1872–1963) møttest på verftet Fjellstrand AS i Gjerdavika, der Torgeir sette opp eit lite båtbyggjarnaust – Vetlanaustet – og tok i bruk moderne verkty. Robåten ein kan skimta til venstre, vart bygd av Torgeir Oma.

Slektstreff på «årestaden»

Førre laurdag var det slektstreff for kring 120 av etterkomarane etter Lina Viken Oma (1876–1954) og Torgeir Oma (1872–1963).

SIGBJØRN LINGA (TEKST) & ELINE SANDNES FOSSE (FOTO)

redaksjon@hf.no

Paret fekk ti born, og ni av dei voks opp. Såleis er det ikkje så underleg at mange var samla.

Slektstreffdeltakarane møttest av naturlege årsaker på Fjellstrand AS i Gjerdavika, der Torgeir sette opp eit lite båtbyggjarnaust – Vetlanaustet – og tok i bruk moderne verkty. Karen skal ha bygt om lag to tusen båtar.

Det var son til Torgeir, Odd, som bygde båtbyggjeriet som sidan vart til Fjellstrand like ved Vetlanaustet. Vetlanaustet finst forresten på sett og vis enno, for profilen av taket på det er enno å sjå i platene på vegg, sjølv om bygget er rive for lengst, ifølgje bloggen til Torgeir Oma, barnebarnet til båtbyggjaren.

Nokre av etterkomarane bur i Kvam, men elles kom tilreisande frå mellom anna Odda, Hamar, Gjøvik, Oslo, Utbjoa, København, Nordhordland. Ei slektsgrein går til USA, fortel Jarle Fanebust på vegner av familien.

Etterkomarane fekk omvising på Fjellstrand. Ein av trebåtane til Torgeir Oma var henta fram.

– Så saman med eit pågåande prosjekt for Johan Sverdrup-feltet vart dette eit møte mellom den nye og gamle tid, konstaterer Fanebust.

Sidan fekk klanen omvising av Nils Bruhjell i Vikje-stova, der Lina vaks opp og der ho og Torgeir budde ei tid. Sidan vart det middag på Hardingasete på Ljones, der

barnebarn Torgeir framførte *Velkomne med æra* av kvammakomponist Geirr Tveitt. Sidan følgde *Omasongen* og kviss med fokus på slekt, Oma og Hardanger. Lina Oma, også ho oppattkalla, fortalde om oldemora og namnesystema, og det var vist slektsbilete med god støtte frå oppslagsverket Hallstein Viken.

To lokale elvar på liste

Jondalselva og Steinsdalsvassdraget er to av elvane på 2017-lista til Oppdrettsnæringens sammenslutning for utfisking av rømt oppdrettsfisk (OURO). Ifølgje ei pressemelding frå organisasjonen vert det sett i verk tiltak for å ta ut fisk frå 52 elvar, 15 fleire enn

i fjor.

Ifølgje meldinga er situasjonen samla sett positiv. Trenden viser ein nedgang i innslaget av rømt oppdrettsfisk, skriv OURO, som synest det er synd at ingen ser ut til å ta ansvar for å fjerna pukkellaksen.

Oppdraget til OURO er å redusera risikoen for genetisk påverknad frå akvakultur på ville bestandar av laksefisk. Utfiskinga vert utført av eksterne leverandørar og i samarbeid med lokale elveeigarlag og Fylkesmannen.

Vil setja noresrekord i zipline

Vossingane har planar om å bygga Noregs lengste zipline over Bordalen, skriv Hordaland. Husdyrparken planlegg ei line på 2,3 kilometer. På lina skal ein kunna

susa i 125 kilometer i timen og 180 meter over bakken. Målet er å få lina på plass til Ekstremsportveko i 2018, ifølgje lokalavisa.